



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Geir Skadberg, 51 56 89 92

Uttale til høyring om forslag til forskrift om kompensasjon etter avvikling av hald av pelsdyr mv.

Me viser til utsendt høyring frå Landbruks- og matdepartementet 28. juni 2019 om «forslag til forskrift om kompensasjon etter avvikling av hold av pelsdyr mv».

Om pelsdyrnæringa i Rogaland

Det er utfordrande å finne rett tal oppdrettarar i Rogaland i 2017. Me hadde 56 oppdrettarar av mink og 4 oppdrettarar av rev som søkte om produksjonstilskot. Vidare har me også oppdrettarar som ikkje søkte tilskot. Vel 60 % av norsk minkproduksjon og 2 % av reveproduksjonen skjer i Rogaland. Middel besetningsstorleik for minkproduksjonen i Rogaland er vel 30 % høgare enn middel for landet. Over halvparten av oppdrettarane har ikkje tilleggsproduksjon på garden. Me er også kjent med at farmarane i Rogaland er 5 år yngre enn snittet for landet.

I Rogaland er det flest pelsdyr i kommunane Hå, Klepp og Sandnes og det er truleg i desse kommunane at omstillingsarbeidet for pelsdyrnæringa blir mest krevjande. I tillegg har me i vårt fylke Rogaland pelsdyrfôrlag som er viktig i kraft av eiga verdiskaping og av arbeidsplassar. Verksemda kan bli ein viktig faktor for når farmarane vil måtte avvikle, mellom anna ut frå kva fôrpris som kan forsvare vidare drift.

Fylkesmannen i Rogaland har følgjande merknader til høyringa;

Lov om forbod mot hald av pelsdyr gir rammene for avviklingsperioden der oppdrettarar som haldt pelsdyr 15. januar 2018 får lov til å drive fram til 1. februar 2025. Lova gir heimel for å fastsette forskrift for kompensasjon for tap av retten til å halde pelsdyr, samt heimel til å fastsette forskrift til omstilling. Omstillingsordninga er ikkje ein del av denne høyringa.

Dette meiner me om dei ulike elementa i kompensasjonsordninga;

Kompensasjon for ikkje-realiserbar drifts- og anleggskapital;

Også i høyringa om forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr og forslag til ordning for økonomisk kompensasjon, var kompensasjon for den «ikkje-realiserbar kapitalbeholdninga» (avskrivningsgrunnlaget) sentralt. Forslaget er no å legge til grunn bokført verdi ved utgangen av rekneskapsåret 2017, og trekt frå 7 % per år etter dette, til og med det siste året med pelsdyrdrift i verksemda. Me



har etter kvart kome til at bokført verdi ikkje er eit heilt enkelt objektivt tal som utan vidare gir grunnlag for ein rettferdig kompensasjon. Også departementet signaliserer dette i høyringsdokumenta ved å foreslå eit tispetillegg som eit «kompenserande tiltak».

Me trur at bokført verdi i mange tilfelle gir eit ufullstendig bilete av innskoten kapital og eigeninnsats hos den enkelte farmar. Dette kan skuldast både leasing, direkte utgiftsføring, eigeninnsats og ikkje balanseføring av innleigd arbeidskraft i samband med bygging og montering av bur, samt vedlikehald og oppgraderingar som er tatt løpande etter pålegg, krav eller behov. I tillegg har fleire farmarar køyrt maksimale avskrivningar som har redusert bokført verdi, utan at dette har påverka bruksverdien. Samstundes er det jo slik at det er henta ut skattemessige fordeler i samband med avskrivningar. Nokre unge er kanskje også råka av endring av oppskrivingsadgangen som forsvann frå 01.01.2014.

Utfordringsbiletet blir ytterlegare krevjande for dei farmarar som også driv med anna landbruksproduksjon. Her er det lagt opp til eit skjønnsmessig ansvar på forvaltninga. Vidare ser me at det kan bli utfordringar for oss som forvaltningsorgan å vurdere «ikkje-realiserbar kapital» dersom denne ligg i selskap som blir eigd av fleire pelsdyroppdrettarar, t.d. pelsierier.

Tispetillegg:

Me forstår det slik at forslag om tispetillegg baserer seg på at bokført verdi ikkje gir eit fullstendig bilete hos den enkelte pelsdyrfarmar. Tillegget er gitte satsar og tek utgangspunkt i tal dyr som er oppgitt i søknadar om produksjons- og avløysartilskott i 2017, alternativt ved anna dokumentasjon for dei som ikkje søkte tilskott. Dette er konkret å forhalde seg til både for oppdrettarane og forvaltninga. Men det kan hende at nokre farmarar likevel kjem urimeleg ut, ved at dei t.d. har lågare dyretettleik av omsyn til dyrevelferd. Altså færre tisper per bur enn andre.

Me tillèt oss å spele inn eit alternativ til tispetillegg, nemleg «burtillegg». I pelsdyrnæringa trur vi at tal bur, i betre grad enn tal tisper, speglar konjunktur-svingingar, dyrevelferd, sjukdomsutfordringar eller varierende driftsopplegg. Me er merksame på at ulike typar bur kan komplisere eit slikt burtillegg.

Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding

Me støttar forslaget slik høyringa gjer greie for. Forskrifta bør talfeste krav til minimum tal tilbod frå tenestetilbydar på rivings- og oppryddingsarbeidet. Ordet «tilbod» bør nok også definerast. Fastpris er noko anna, og vil ofte gi eit høgare beløp enn tilbod. Både næringa og forvaltninga treng rettleiing i korleis dette punktet skal tolkast, m.a. kva som skal godkjennast i ein førehandgodkjent plan. Vidare må det i ordninga også omtalast kva som er «god nok» opprydding, t.d. gjennom døme som «ferdig oppgrusa», «godkjent som dyrka».

Me meiner at Fylkesmannen bør kunne gi dispensasjon frå kravet om førehandgodkjent plan for riving etter § 6, slik at det blir mogleg å dekke kostnader der riving er starta før forskrifta er fastsett. For at det skal kunne gis dispensasjon meiner me at oppdrettaren må kunne dokumentere situasjonen før rivinga starta, minimum ved bilete og ein skriftleg omtale.

Ei individuell kartlegging vil gi færre urimelege utslag

Det er lagt opp til individuell vurdering av økonomisk kompensasjon til den enkelte farmar ut frå objektive kriterium. Stortinget forventar at ordninga blir justert dersom det blir urimeleg utslag. Dersom den enkelte farmar sin samla kompensasjon blir vurdert til å bli urimeleg låg, er det då Fylkesmannen som skal ta stilling til dette eller klageinstansen? «Urimeleg låg» er ei nemning mange farmarar truleg vil vi bruke som klagegrunn nærast uansett.



Ideelt sett burde det vore tid til at det offentlege sjølv gjennomførte ei individuell kartlegging av stoda hos kvar enkelt farmar, før endeleg fastsetting av kompensasjonsordning. Dette for å få eit best mogleg bilete av status for næringa totalt sett, med mål om at kompensasjonsordninga deretter blir innretta slik at det blir få urimelege utslag. Kompensasjonsordninga for kostnader til riving og opprydding kan avgjerast før resten av ordninga, slik at farmarane raskare kan få rydda opp og kome seg vidare. Utgangspunktet for enkeltelementa i ordninga er knytt til året 2017. Me trur at ordninga i sin heilskap, bør ta høgde for at «fastlåsing» til berre dette året, kan føre til at nokre farmarar fell utanom og ikkje vil få det som kan definerast som ein rimeleg kompensasjon.

Forvaltningsmessige utfordringar

Me har alt gjort greie for at «bokført verdi» er ein storleik som gir ikkje gir eit fullstendig bilete av innskoten kapital og eigeninnsats hos den enkelte pelsdyrfarmar. Også departementet omtaler dette i høyringa, og viser til at dette kan bli utfordrande å fastsetje med sikkerheit og som må løysast i den enkelte sak; *det må leggjast fram eit faktum som er mest sannsynleg*. Vidare har me Stortinget sin forventning om at « *ordningen bør justeres dersom det blir urimelige utslag i samlet utmåling av kompensasjon,....* ». Fylkesmannen er god til å sjå saker frå ulike vinklingar, og me kjem til å ha god kontakt og samordning med våre kollegaer i andre pelsdyrregionar. Men me trur likevel at mange av våre vurderingar i desse kompensasjonssakene vil bli påklaga, og truleg enda opp hos Landbruksdirektoratet for endeleg vedtak.

Fylkesmannen i Rogaland kjem til å gjennomføre synfaring hos alle pelsdyrfarmarane som tek del i ordninga. Me er også opptatt av å ha god dialog med pelsdyrnæringa framover. Dette er eit arbeid vi skal prioritere og me ser at ressursbruken vil føre til at me må prioritere ned andre oppgåve. Me må truleg også kjøpe noko kapasitet og kompetanse eksternt og me ber difor om at det blir tildelt nokre ekstra midlar til dette arbeidet.

Me bidreg gjerne i ein dialog om spørsmål som kjem fram under høyringa.

Med helsing

Lone Merete Solheim
fylkesmann

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Rogaland Bonde- og

Småbrukarlag

Rogaland Bondelag

Rogaland pelsdyrslag

Norges pelsdyrslag

Postboks 130 4001 Stavanger

Postboks 278 4002 Stavanger